

NORGES VASSDRAGS- OG
ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar ref:
Vår ref: 2024/92177
Dato: 22.05.2024
Org.nr: 985 399 077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmiddel



MATTILSYNET GIR INNSPEL TIL HØYRING AV SØKNAD OM UTTAK AV GRUNNVATN TIL DRIKKEVASSFORSYNING PÅ BØMOEN I VOSS HERAD – NVE SITT SAKSNUMMER 202320038

Viser til dykkar brev datert 24.04.2024, der de ber om innspel til søknad om løyve til uttak av grunnvatn på Bømoen i Voss herad.

Mattilsynet er statleg sektormyndigheit for plantehelse, fiskehelse- og velferd, dyrehelse- og velferd, mat og drikkevatt. Vi uttalar oss i denne saka om forhold som gjeld drikkevatt.

Kva søknaden gjeld

Voss herad planlegg å etablere ei reservevasskjelde til Vossevangen vassverk. Dette er grunngeve med lovpålagt krav til leveringssikkerheit, og at det eksisterande vassverket ligg utsett til for flaum. Voss herad søker om uttak av vatn frå eit grunnvassreservoar på Bømoen. NVE skal vurdere sjølv vassuttaket, og ber om synspunkt på om planane bør gjennomførast.

Mattilsynet sitt innspel

Mattilsynet forvaltar drikkevassforskrifta, og stadfestar at forskrifta stiller krav til leveringssikkerheit. Viser til § 9:

«Vannverkseieren skal sikre at vannforsyningssystemet er utstyrt og dimensjonert samt har driftsplaner og beredskapsplaner for å kunne levere tilstrekkelige mengder drikkevann til enhver tid».

Kravet inneber at vassverkseigar skal sikra brukarane tilgang på drikkevatt til ei kvar tid, også i situasjonar der hovudkjelda av ulike årsaker kan vera sett ut av spel – til dømes på grunn av flaum. Denne leveringssikkerheita er heilt sentral i vassforsyninga, og det er fleire omsyn som ligg bak kravet:

Abonnentane skal ha tilgang på helsemessig trygt vatn til drikke, matproduksjon og personleg hygiene. I tillegg har samfunnet til ei kvar tid eit behov for tilgang på tilstrekkelege mengder sanitærvatt og sløkkevatt.

Vertilhøve og klimaendringar, med både flaum og tørke, kan gjera det utfordrande for vassverkseigar å produsera nok, trygt drikkevatn. Vassforsyninga er også kritisk infrastruktur som kan vera utsett for sabotasje eller hærverk. Meir daglegdags er leidningsbrot eller planlagt vedlikehaldsarbeid. Dette er berre døme på nokre av utfordringane leveringssikkerheita står overfor.

Drikkevassforskrifta § 9 krev at vassverkseigar har alternative løysingar i bakhand ved avbrot i hovudvassforsyninga, uansett årsak. Mattilsynet har hatt sterkt fokus på dette kravet i vårt tilsynsarbeid dei siste åra.

Voss herad har kome fram til at det er naudsynt å etablera ei reservevasskjelde med fullgod kapasitet. Kjelda skal både kunne supplera hovudkjelda i det daglege, og skal også ha kapasitet til fullstendig forsyning av abonnentane til Vossevangen vassverk, i tilfelle hovudkjelda på Prestegardsmoen skulle falle bort. Det må her nemnast at brønnområdet på Prestegardsmoen er eit flaumutsett område, som har vore overfløymd fleire gonger dei siste åra.

Konklusjon

Behovet for å etablera ei reservekjelde med fullgod kapasitet og kvalitet er reelt. Mattilsynet støttar Voss herad sine vurderingar, og ber om at søknaden blir innvilga slik at Voss herad kan koma i gang med å etablera reservekjelde med vassuttak på Bømoen.

Vossevangen vassverk forsyner kring 11 000 personar, sjukehus, ulike institusjonar med sårbare grupper, skule og barnehage, samt landbruk og næringslivsverksemdar. Det er difor viktig at Voss herad får etablert ei fullgod reservevassforsyning så snart som mogleg.

Det er eit viktig prinsipp i norsk drikkevassforvaltning at ein så langt som råd baserer drikkevassforsyninga på stabile råvasskjelder som er lite utsett for forureining, og der behovet for vassbehandling er minimalt. Dette gir betre tryggleik enn om vatnet er utsett for forureining og må gjennomgå omfattande vassbehandling. Grunnvassførekomsten på Bømoen er grundig kartlagt over mange år, og det er konkludert med at kjelda har tilstrekkeleg kapasitet og godt beskytta mot forureining.

Det er Mattilsynet si vurdering at vassførekomsten er svært godt eigna til drikkevatn, og vi ber difor om at Voss herad sin søknad om løyve til uttak av grunnvatn på Bømoen til drikkevassforsyning blir innvilga.

Med helsing

Randi Øyen Afdal
Seksjonssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.
Dokument som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*